


ÅRSMELDING 2020



Diktardagar 2020



Innhold

1.	Forord	3
2.	Næringsarbeid og Innovasjon	4
2.1.	Prosjekt Universitetsregion Nord Gudbrandsdal (UR)	4
2.1.1.	Flomrespons	6
2.1.2.	Velferdsteknologi	6
2.2.	Gudbrandsdal Slakteri AS	9
2.3.	Kultur- og naturbasert næringsutvikling	11
3.	Samferdsel	12
4.	Attraktivitet og samfunnsutvikling	15
4.1.	Tilflytting – «Kom til oss»	15
4.2.	Gudbrandsdalstinget	17
4.3.	Idretts- og fysakarbeid	19
4.4.	Ung i Nasjonalparkriket	20
5.	Kompetanse	22
5.1	. Utdanningstilbod i Nord-Gudbrandsdalen (høgskoletilbod)	22
6.	Regionalt samarbeid	25
6.1.	Administrative samarbeidsorgan	25
6.2.	Interkommunalt samarbeid	26
7.	Økonomiske nøkkeltal	27
7.1.	Økonomi og personell	27
7.2.	Skjønnsmiddel innovasjon- og fornyingsprosjekt 2020	28
7.2.	Partnerskapsmiddel	29
8.	Regionrådet 2019 -2023	30
9.	Samferdselsutvalet 2019 – 2023	31
10.	Primærnæringsutvalet 2019 – 2023	31
11.	Saker og møter	32
11.1.	Regionrådet 2020 – saksregister	32
11.2.	Arbeidsutvalet 2020 – saksregister	33
	35

1. Forord

Driftsåret 2020 har vore spesielt også for Regionrådet Nord-Gudbrandsdal. Situasjonen omkring Covid19 har lært oss å setja pris på den sosiale omgangen med kollegaer og samarbeids-partnarar. Vi har også lært at mange oppgåver kan løysast gjennom digitale verktøy. Både administrative og politiske møter kan gjennomførast digitalt, men kommunikasjon handlar ikkje berre om skrift og tale. Kroppsspråk er for dei fleste av oss ein viktig del av kommunikasjonen. Når det er sagt må vi slå fast at vår bransje er skjerma frå dei største utfordringane med pandemien. Store delar av vårt regionale næringsliv må betale dyrt i kampen mot spreieing av pandemien. Vi har også lært å setja pris på dei yrkesgruppene som må stå i fronten av denne kampen. Helsepersonell, reinhaldspersonell, tilsette i varehandelen og sjåførar med fleire skal ha honnør for sin innsats.

Vi har utarbeidd ny samarbeidsavtale og delegeringsreglement for regionrådet dette året. Dette med bakgrunn i ny kommunelov. Det formelle namnet på regionrådet er frå 2021 Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal, til dagleg omtalt som Regionrådet. Det politiske forumet som før var kalla regionrådet heiter nå representantskapet og arbeidsutvalet heiter nå regionstyret. Rådgjevande utval er næringsutvalet og samferdselsutvalet.

Vidare har vi utarbeidd ny 4-årig strategiplan for Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal. Satsingsområda er arbeidsplassar, kommunikasjon og infrastruktur og attraktivitet. Dei årlege handlingsplanane skal konkretisere planen.

Av større politiske saker som har hatt fokus i meldingsåret er sjukehusstruktur, omstilling av DPS, Nasjonal transportplan 2022-2033 og Innlandet politidistrikt – evaluering av vaksamanslåinga. I tillegg til fleira viktige høyringer.

Av prosjekter er Universitetsregionprosjektet med Velferdsteknologi og Flomrespons dei mest omfattande.

Den største næringssaka er utvilsamt arbeidet med Gudbrandsdal Slakteri. Saka har skapt stort engasjement langt utanom vår eigen region. For Regionrådet handlar denne saka i første rekke om arbeidsplassutvikling. For regionrådet som har arbeidsplassutvikling som eit primærområdet har det vore lett å leggje mykje tid og engasjement i denne saka. Politikarane har stått rakrygga og tydelege i saka. Dette har gjeve godt grunnlag for den administrative og politiske innsatsen. Det store engasjementet blant innbyggjarar generelt og kjøttprodusentane spesielt, har vore utslagsgjevande for at saka er komen så langt som ho er.

Takk til fylkeskommunen, Statsforvaltaren og kommunane for godt samarbeid i driftsåret 2020. Dette har vore viktig for at vi kan seie oss godt nøgd med resultata.

Regionrådsleiaren og dagleg leiar håpar at årsmeldinga gjev eit godt inntrykk av aktiviteten.

Februar, 2021

**Bjarne Eiolf Holø
Regionrådsleiar**

**Frode Damstuen
Dagleg leiar**

2. Næringsarbeid og Innovasjon

2.1. Prosjekt Universitetsregion Nord Gudbrandsdal (UR)

Bakgrunn

Prosjektet si plattform bygger på tre stolpar. Vi går inn i ei framtid der vi vil få store, demografiske endringar, færre yrkesaktive, større konkurranse om arbeidskrafta, auka behov for nye arbeidsplassar og strammare kommune-økonomi. Med desse føresetnadene skal kommunane sikre fortsatt gode tenester, rekruttere og halde på kompetente medarbeidarar og styrke satsinga på samfunns- og næringsutvikling.

Som stolpe to legg vi til grunn at vi har eit stort potensial for meir forsknings- og innovasjonsdrive utvikling av og i kommunane. Behova og mogleheitene er der. No må vi bygge kompetanse, alliere oss med høgskular og universitet, samarbeide tettare med næringslivet og frivillig sektor og dra meire nytte av ressursane i verkemiddelapparatet.

Potensialet skal vi utløyse gjennom bruk av universitetskommune-metodikken utvikla av NTNU i samarbeid med Trondheim kommune. Gjennom eit forpliktande samarbeid mellom Regionrådet og NTNU skal vi formidle og utvikle relevant og oppdatert kunnskap og kompetanse for å møte utfordringane og potensialet vist til over. Dette skal mellom anna skje ved å gje praksisplassar for studentar og utløyse forskning og innovasjon innanfor område som er strategisk viktige for våre kommunar.

Mål og tiltak i prosjektet

Prosjektet skal:

- ta initiativ til, koordinere og støtte utviklings- og innovasjonsprosjekt
- kople kommunane mot forsknings-, utdannings- og utviklings og innovasjonsmiljø
- samarbeide med næringslivet og frivillig sektor om innovasjon
- i større grad nytte mogleheitene i verkemiddelapparatet
- spreie resultat av andre sitt innovasjonsarbeid
- formidle utdanningstilbod og relevant kompetanse
- bygge nye og forsterke eksisterande nettverk i regionen og mot samarbeidspartnerar utanfor regionen
- styrke kulturen for nyskaping og evna og viljen til omstilling i kommunane og lokalsamfunnet
- forankra innovasjon i førstelina i kommunane
- løyse ut synleg støtte til innovasjonsarbeidet frå politisk og administrativ leiing

Prosjektpersonen går fram til og med 2023. I prosjektpersona er målet at UR kvart år skal starte eller være med i 24 delprosjekt og direkte eller indirekte stimulere til 300 nye arbeidsplassar i offentleg og privat sektor.

Samarbeidspartnerar og finansiering

Kommunane ved Regionrådet har fra 2019 på plass forpliktande partnerskap med NTNU og Innlandet fylkeskommune. Prosjektet er finansiert med fondsmiddel i regionsamarbeidet, tilskot fra fylkeskommunen og med eigeninnsats fra NTNU og øvrige samarbeidspartnalar. Kvar av delprosjekta skal ha eiga finansiering kombinert med eigeninnsats frå regionkontoret og deltakarane i det einskilde prosjektet.

Status

Etter eit forstudie starta hovedprosjektet sommaren 2019. Kommunane ga innspel på moglege delprosjekt. Ved utgangen av 2020 har prosjektet så langt vore involvert i til saman 20 større og mindre delprosjekt innan område som helse, beredskap, grøn omstilling, innovative innkjøp, næringsutvikling og tilflytting/bulyst. To delprosjekt – Smart velferdsregion og Flomrespons – er skilt ut med eigne prosjektleiarar, styringsliner og eiga finansiering. Desse prosjekta er omtala særskilt nedanfor.

Fram til oktober har prosjektleiing vore kjøpt fra Skåppå AS. Frå oktober er eigen prosjektleiar tilsett ved regionkontoret i eit 3-årig engasjement.

Erfaringane og resultata så langt er oppsummert i ein delrapport for prosjektperioda 2019-2020.

Pandemien og skifte av prosjektleiing har påverka framdrifta i hovedprosjektet og fleire av delprosjekta. Men kommunane, NTNU og fylkeskommunen har ved utgangen av 2020 gjeve gode attendemeldingar på måloppnåinga så langt og stadfesta engasjementet og partnarskapet.

Prioriteringar framover

I 2020 har pandemien redusert moglegheitene for å bygge nye og bruke etablerte nettverk og møtestader til samhandling om målsetnadene i prosjektet. Dette har mellom anna påverka samhandlinga med kommunane, NTNU og andre partnerar om vidare forankring, behovsanalyser og oppstart av nye delprosjekt. Dette arbeidet må no prioriterast.

Frå NTNU si side er det understreka at ein må legge til rette for student- og forskaroppgåver. Dette vil tilføre oss nye ressursar og ny kompetanse.

Nord-Gudbrandsdalen bruker berre ein liten del av det offentlege verkemiddelapparatet for innovasjon og utvikling. Kommunane og næringslivet vårt er unntaksvis med i internasjonale program. Universitetsregion-prosjektet skal legge til rette for at regionen i større grad gjer seg nytte av verkemiddel og program for innovasjon, samfunns- og næringsutvikling.

Prosjektet er avhengig av å nå ut med informasjon og å samhandle på digitale flater. Plan for dette skal integrerast i den samla strategien for Regionrådet.

Prosjektplanen skal oppdaterast i 1. kvartal 2021.

2.1.1. Flomrespons

Flomrespons er eit forskningsprosjekt som har som mål å utvikle nye løysingar for varsling av flom på lokalt nivå, på eit tidleg stadium. Dette er eit før-kommersielt innkjøpsprosjekt, finansiert av Norges Forskningsråd. Skåppå AS er innleigd prosjektleiar.

Fire av 13 leverandørar vart hausten 2020 vald ut til å skissere sine løysingar på utfordringa vår. Gjennom ei skisefase, utviklingsfase og piloteringsfase skal vi vurdere kva slag løysingar som best svarar på vårt problem, og som difor skal få støtte til å utvikle sitt forslag. Mot slutten av 2022 skal dei to beste løysingane etter planen være utvikla og testa, og klart for eventuelt kjøp av kommunane.

I 2020 gjennomførte vi ein omfattande anbudsprosess med marknadsdialog, intervju med leverandørar og vurdering av tilbod. Oppstarten av den første fasa vart sett i verk frå medio november, med leiande nasjonale og internasjonale leverandørar, som skal utvikle ei løysing som forenklar og effektiviserar det førebyggande flomarbeidet i kommunane i regionen.

For meir informasjon, sjå www.flomrespons.no.

2.1.2. Velferdsteknologi

Prosjektet vart vedteke starta opp att mai 2019. Prosjekt «Smart velferdsregion Nord-Gudbrandsdal» skal mobilisere kommunane til å vidareutvikle kompetanse innan digitalisering og gjennomføre utviklingsprosessar for å skape ein felles plattform for gevinstrealisering innan velferdsteknologi og digitalisering. Dette være seg prosjekter i fellesskap og/eller enkeltvis i kvar kommune gjennom ein foreint framdriftsplan. Prosjektet er ein del av det nasjonale velferdsteknologiprogrammet.

Prosjektmål


Prosjektet skal

- vera ein pådrivar for auka samarbeid og regional koordinering av satsingar innan velferdsteknologi
- bidra til samordning av pågåande tiltak og prosjekter
- sørge for at velferdsteknologi blir ein integrert del av tenestetilbodet
- bidra til kompetansebygging og behovskartlegging innan velferdsteknologi
- økt samarbeid med frivillige organisasjonar/pårørande/akademia

Mål for prosjektet:

Innbyggjarane i Nord-Gudbrandsdal skal uavhengig av alder, funksjonsnedsetting eller bustad motta etablerte velferdsteknologitenester, der tiltaket er vurdert til å bidra til auka meistring og tryggleik.

Prosjektet skal bidra til å auke kompetansen om digitalisering og smarte samfunn i Nord-Gudbrandsdal gjennom offentleg sektor, næringsliv, akademia og innbyggjarane, samt å bidra til verdiskaping og sysselsetting der det er mogleg.



Bileta er henta frå: Norddalen.no, Fjuken.no og Vigga.no

Status

Samtlege kommunar i "Smart Velferdsregion Nord-Gudbrandsdal" har levert på alle milepælar regionalt og i det Nasjonalt Velferdsteknologiprogram (Helsedirektoratet, Direktorat for e-helse og KS). Framdriftsplanen er forsinka på grunn av Covid-19 pandemien, det nasjonale prosjektet og derav det regionale. Dette førte til at Stortinget ved budsjettet henviste Nasjonalt velferdsteknologiprogram i eit år til.

I 2020 utarbeide vi gevinstrealiseringssplan, vi oppnådde gevinstrealisering i form av at fleire innbyggjarar tok i mot velferdsteknologitenestar. Innbyggjarane ga attendemelding på at dei var tilfredse, følte større eiga meistring, sjølvstendigheit og tryggleik i kvarldagen. Vidare vart det frigjort tid og unngått kostnader i tenesteytinga. Dette er gevinstar vi skal følgje opp i 2021. Nasjonalt er det mangel på fagutdanna innan helse- og sosialsektoren. Dette er ei utfordring vi deler. Det blir færre hender til å yte omsorg til ei aukande gruppe eldre. Det blir derfor viktig at vi kan iverksette kompetansetiltak med mål om at fleire skal ha moglegheita til å ta utdanning innan dette området.

Velferdsteknologisk plattform

Det vart inngått avtale om leveranse av velferdsteknologiplattform med utstyrssramme. NetNordic er vår leverandør. Dette betyr betydeleg arbeid det kommande året, der det skal gjennomførast opplæring, utprøving og implementering av teknologi.

Kompetanse

Saman med MedLearn, HelseInn og Sør-Østerdalen søkte vi midlar frå kompetanseprogrammet for Helse- og omsorgssektoren. Dette samarbeidet fekk tildelt midlar og starta opp eit lågterskel utdanningsløp via podcast for helsefagarbeidarar. Utdanninga kvalifiserer til 10 studiepoeng.

Vidare har vi gjennomført Velferdsteknologiens ABC for 87 personar i regionen.

Det er igangsett ei kompetansekartlegging innan Velferdsteknologi i alle kommunane.

"Digi-venn"

Som ein del av Covid-19 pandemien vart det utlyst midlar frå Helsedirektoratet til å setja i gang tiltak for å førebyggja einsemd og passivitet blant eldre. Vi søkte midlar til eit underprosjekt, saman med Nord-Gudbrandsdal Vidaregåande skule og Karriere Oppland Gudbrandsdal og HelseInn. "Digi venn" prosjektet er ein opplæringsmodell for overføring av kompetanse frå ungdom innan helsefag i den vidaregåande skulen til eldre. Samtidig som det er ein arena for å oppretthalde og opprette nettverk digitalt for å forebygge isolasjon under pandemien. Dette prosjektet er noko forsinka grunna pandemien.

Framover

Kommunane i region Nord-Gudbrandsdal har eit godt utgangspunkt for vidare utprøving nå som velferdsteknologisk plattform er på plass. I 2021 skal den rullast ut. Det krev at vi fortsett arbeidet med å prøve ut teknologiske løysingar i tenesteytinga og som ein del av tidleg innsats/førebyggingsarbeid. Der vi har auka fokus på brukarmedverknad. Digitalisering skapar behov for heilt nye oppgåver som "nokon" har ansvar for. Desse oppgåvene føljer ikkje tradisjonelle fag og passer ikkje inn i organisasjonskarta. Ulike faggrupper "deler teknologi" og må forhalda seg til dataene dei produserer . Vi vil i 2021 auke fokuset på tenestene teknologien skal støtte – tenesteutvikling (tverrfaglegheit) som ein del av heilskapleg tenestemodell. Det er også viktig for oss å skape ein arena for forsking i vår region. Student- og forskaroppgåver vil bli gjennomført i Nord-Gudbrandsdal der vi er eit levande forskingslaboratorium for studentane. På denne måten ynskjer vi å få ny kompetanse og kunnskap som vi kan bruke i vårt utviklingsarbeid.

2.2. Gudbrandsdal Slakteri AS

Etter at Nortura gjorde vedtak om å leggje ned anlegget på Otta vart det etablert eit arbeid for å sjå på moglegheitene for alternativt slakteri. Oppland fylkeskommune gjorde vedtak, den 10.12.19 om å løyve kr. 1 million til Sel kommune for at kommunen og regionen kunne "gjøre et grundig arbeid med tanke på etablering av ny aktivitet og arbeidsplasser"

I regionrådsmøte, 13.12.19 vart det frå ordførar i Sel, Eldri Siem orientert om at det vart etablert ei arbeidsgruppe for å sjå på korleis ein kunne gå vidare med å etablere nytt slakteri.

Arbeidsgruppa ble foreslått slik samansett: Anders Formo (leiar fram til han gjekk ut av prosjektet), Bjarne Eiolf Holø, Eldri Siem, Frode Damstuen, Terje Jonny Sveen (overtok som leiar etter Anders Formo) og Tommy Rudihagen.

Regionrådet slutta seg til forslag til organisering av videre arbeid for slakteri på Otta med slik overordna mål:

"Å etablere ei lønsam slakteri- og foredlingsverksemd for Gudbrandsdalen og tilstøytande tilførselsområder, og bidra til at større del av verdiskapinga i verdikjeda kjem lokalsamfunnet til gode"

Fase 1 hadde som formål å etablere grunnlag for finansiering og investering i nytt slakteri.

Arbeidet blir søkt finansiert gjennom statlege/fylkeskommunale omstillingsmiddel. Kommunale eller regionale middel blir vurdert om nødvendig.

Prosjektet blir vidareført i realiseringsfase gjennom eiga juridisk eining, finansiering gjennom eigenkapitalinnhenting og framand kapital. Det blir søkt offentlege tilskot, eksempelvis statlege omstillingsmidlar og/eller innovasjonsmidlar, som også kan tilføres selskapet.

Med bakgrunn i løyvinga frå fylkeskommunen vart det inngått ei oppdragsavtale mellom Sel kommune og Regionrådet, den 11.02.2020. Prosjekteigar i fase 1 var Regionrådet Nord-Gudbrandsdal.

Regionrådet etablerte i april 2020 selskapet Gudbrandsdal Slakteri AS, med ein aksjekapital på 30 000 kroner fordelt på 30 aksjar. Plan var at vidareføring av arbeidet for realisering av nye Gudbrandsdal Slakteri skulle skje i dette selskapet. Etablering og drift av slik verksemd er utanfor kva som skal være Regionrådets verksemd. Regionrådets eigarskap var derfor midlertidig. Med bakgrunn i dette vart aksjane til Regionrådet sold til kjøttprodusenter som var deltagande i det som vart omtalt som produsentgruppa. Aksjane vart sold til same verdi som ved stifting.

Gudbrandsdal Slakteri AS skulle i det videre arbeidet dra nytte av det arbeid som er utført frå desember 2019. Dette gjennom overtaking av svar frå spørjeundersøkingar og planar etablert saman med industrielle samarbeidspartnerar. Det vart derfor stilt følgjande krav til kjøpar av aksjane:

Kjøper av aksjene forplikter seg til å bidra til, så raskt dette er mulig og hensiktmessig, å gjennomføre en emisjon/kapitalforhøyelse overfor andre kjøttprodusenter, privatpersoner, bedrifter og/eller mulige industrielle partnere. Dette med formål å gi mulighet for andre til også å delta som eier av selskapet, å etablere tilstrekkelig egenkapital i selskapet for arbeid fram til realisering. En slik emisjon/kapitalforhøyelse skal skje på en måte som ikke favoriserer kjøper av de 30 aksjene som nå tilbys, samt bidrar til at selskapet samlet sett får et eierskap som bidrar til realisering.

10 | Årsmelding 2020

Under den vidare prosessen vart det tydeleggjort at prosjektet er krevjande med tanke på finansiering. Ei hovudproblemstilling er at bankane ser bygging av nytt industribygg i regionen som risikofylt, som igjen gjer at eigenkapitalkravet har blitt opplevd som stort, også sett i høve til kapitaltilgangen i regionen. Ei samfunnsmessig ynskjeleg investering blir krevjande å finansiere fordi anlegget ligg utanfor «sentrale strøk».

For å bøte på denne problemstillinga vart det tatt eit politisk initiativ, med mål om at kommunal deltaking kan bidra til naudsnyt eigenkapital for etablering av industribygget, som skal huse slakteriverksemda. Ideen er at kommunane bidrar til etablering av det nødvendige industribygget, som så blir utleid på definerte vilkår til det selskapet som skal drive slakteriverksemda. Selskapet som skal drive slakteriverksemda, gjer dei slakterispesifikke investeringane i bygget.

Arbeidsutvalet i Regionrådet ba om at det blir lagt fram ei politisk sak i den enkelte kommune. Dette for å vurdere om og med kva slags økonomiske midlar den enkelte kommune kan delta med for etablering av industribygget.



2.3. Kultur- og naturbasert næringsutvikling

AKTIVITET	ARRANGØR	INNVILGET BELØP
Dansefestivalen 2020	Øystein Ulen	35000
CAMPUT 2020	Fjelleventyret	35000
Fjellfilmfestivalen 2020	Stiftelsen Fjellkultur	30000
Landbruksmesse på Lesja	Lesja kommune m.fl.	10000
Diktardagar 2020	Diktardagar	30000
Ottaløpet 2020	Ottaløpet	20000
Traktorrock 2020	Styret i Traktorrock	35000
Fjellfiskefestival	Grotli Høyfjellshotell	20000
Lom skifestival	Norsk fjellsenter	20000
Diverse arrangement i Otta sentrum 2020	Otta handels og næringsforening	50000
Fjøssystemer-cupen	Otta skytterlag	5000
Hjerleidutstillingen	Senter for bygdekultur	20000
Kristin Lavransdatter 2020	Sel Teaterlag	45000
Jul i Ullinsvin	Ullinsvin drift AS	10000
Boogie Feet festival - jubileum 2020	Lesja Dovre danseteam	30000
Skalering og profilering av Slow Business Adventure 2020	Fjellflyt	45000
Treseminaret 2020	Treseminaret	20000
Rekrutteringstiltak for opplæringsjakt på rein i Breheimen	Skjåk Almenning	10000
Krigsminneseminar	Dovre og Lesja Aktiv	10000
Bessegglopet	Vågå IL	10000
Markens Grøde	Markens Grøde	20000
Fjordingsmartna 2020	Lev i Lom	25000
Sykkelfestivalen 2020	Sykkelvestivalen AS	40000
Dovrejul 2020, Spell, språk og spell-sauerweinarven	Dovrejulfestivalen	25000

Hjerleidutstillingen

3. Samferdsel

Samferdselsutvalet 2019 – 2023

Regionrådets samferdselsutval består av tre politikarar vald av Regionrådet, og tre fag-representantar utnemnd av arbeidsutvalet. Utvalet er rådgjevande fagorgan for Regionrådet.

Den viktigaste samferdselssaka i meldingsåret var innspel til nasjonal transportplan. Samferdselsutvalet behandla innspel til regionrådet i møte, den 27.03.20. Regionrådet behandla innspelet i møte 17.04.20:

Medlemmer i utvalet:

Edel Kveen, Leder
Harald Sve Bjørndal, nestleder
Mariann Skotte
Unni Strand
Roald Valbjørgsløkken
Ola Ulfsby Bottheim
Sekretær: Frode Damstuen

NTP 2022 -2033

Innspill til Nasjonal Transportplan 2022-2033 - fra Regionrådet Nord-Gudbrandsdal

Regionrådet Nord-Gudbrandsdal behandlet saken i møte 17.04.20, og gjorde følgende vedtak:

Regionrådet Nord-Gudbrandsdal gir følgende innspill til Nasjonal Transportplan 2022-2033:

Riksveger

1. Korridor 6a Oslo – Trondheim

Regionrådet forutsetter at gjeldende NTP blir prioritert og gjennomført med E6 Ringebu-Otta. Sammenhengende utbygging av etappe to må prioriteres, og planlegges med sikte på byggestart i 2022, senest i 2023.

E6 Otta-Trøndelag grense - skredsikring i Rosten. Regionrådet støtter at E6 legges i ny tunnel gjennom Rosten. Dette prosjektet har så høy viktighet i forhold til trafiksikkerhet og trafikkregularitet at bompengefinansiering ikke bør legges til grunn for gjennomføring.

E6 Sjoa – Otta inkl. ny rundkjøring E6/RV 15. Bygging må starte senest i 2021/ tidlig 2022. Det er vedtatt reguleringsplaner for hele strekninga.

E6 Elstad – Frya. Bygging må starte opp 2022/2023.

2. Korridor 6c Otta- Måløy

RV15: Hele strekningen Otta - Måløy «fra jernbane til sjø» har stort behov for ny tunnelløsning over fjellet. Regionrådet støtter Samferdselsdepartementet sitt valgte konsept B1 som også er Statens Vegvesen si tilråding med en ny tunnel mellom Skåre i Stryn kommune og Breidalen i Skjåk kommune, og som også er tilrettelagt for en arm til Geiranger. Strekningsvise tiltak, herunder busslommer (Tessand) og ferdig regulerte gang- og sykkelveger (Nordberg). Denne strekningen har felles interesser i tre fylker, Innlandet og Vestland og Møre og Romsdal. Disse tre fylkene må stå sammen i arbeidet for å få prosjekter på RV15 inn i første del av planperioden.

3. Korridor 6d Dovre – Ålesund

Det er behov for strekningsvise tiltak; Jora bru mellom Lesja og Dovre. 136 blir i næringssammenheng kalt Eksportveien. Rosten i Sel kommune er svært rasutsatt og en viktig strekning for Eksportveien og derfor må hele korridoren sees under ett fra Otta til Ålesund. I denne saken er det felles interesser med Møre og Romsdal og de store eksportørene som skal ha sine varer til utlandet. Innlandet fylkeskommune må sammen med Møre og Romsdal arbeide for å løfte prosjekter på E136 inn i planperioden

Videreføring av gang- og sykkelveg langs E136 fra Solsida mot Bjarli og fra Bjarli og ned til fylkesgrensa til Møre: Dette er to viktige strekninger for få sammenhengende gang- og sykkelveg i Lesja. En vil da oppnå å ha en sammenhengende gang- og sykkelvegløsning fra Dombås til Bjarli.

Jernbane

1. Regionrådet vil peke på viktigheten av å øke både gods- og persontrafikk på jernbane.
2. Otta stasjon og skysstasjon må følges opp med investeringsmidler fra 2022. Otta stasjon er jernbanetilbudet for kommunene Sel, Vågå, Lom og Skjåk. Via RV 15 blir jernbanetilbudet på Otta også i betydelig grad benyttet fra områder lenger vest enn Ottadalen, som Sogn og Fjordane og Søre Sunnmøre. For å opprettholde og styrke jernbanens rolle med hensyn til nasjonal satsing på kollektivtilbud, klima og miljøeffekter, er det avgjørende at tilbudet på Otta stasjon framstår som effektivt og godt tilrettelagt. Gode overganger mellom tog og buss er viktig for å klare dette, og Otta Skysstasjon er et viktig knutepunkt i så måte. Med utgangspunkt i vedtatt reguleringsplan for Otta stasjon fra februar 2018, pågående prosjektering av Knutepunktprosjektet for Otta skysstasjon og midler i gjeldende investeringsprogram i Innlandet fylkeskommune og Statens vegvesen, må det nå prioriteres statlige investeringsmidler i NTP fra 2022.
3. Intercity til Lillehammer i 2030. Rutefrekvens som er tilpasset dagens variabler i persontransportbehov må løses med statlig kjøp både mot Trondheim og Oslo.
4. Elektrifisering av Raumabanen må prioritieres som miljøtiltak med tilstrekkelige økonomiske ressurser for nødvendige oppgraderingstiltak (sanere planoverganger og samle mot sikre krysningspunkt).

Luftfart

Nord-Gudbrandsdal er den regionen i landet med lengst reisetid til flyplass som har ruteflyging. Regionrådet ber fylkeskommunen om å prioritere, og be Samferdselsdepartementet om å utrede mulighet for flyplass med tanke på elfly og dronesenter i Nord-Gudbrandsdal.

Områder som regionrådet forutsetter at både Innlandet fylke og Samferdselsdepartementet har kontinuerlig høg prioritering av:

Kollektivtransport

Innlandet fylkeskommune må prioritere busskorrespondanse mellom Ottadalen og jernbane på Otta, i tillegg til å øke kollektivtilbudet mellom Gudbrandsdalen og Nord-Østerdal. Statlig støtte til de såkalte langrutene er viktig. Korrespondansen fra Nord-Gudbrandsdal til Lillehammer er svært redusert etter at «langrutene» er borte og regionrådet ber Innlandstrafikk sette dagsorden på behovet for statlig støtte til langruter mellom Nord-Gudbrandsdal og Lillehammer. For Nord-Gudbrandsdal er det viktig å opprettholde det samme rutetilbuddet i skolefriperiodene som i skoleåret.

Fylkesveger

Rammetilskuddet fra staten må i større grad avspeile fylkeskommunens andel av det totale fylkesvegnettet i Norge. Det må i tillegg gis et forholdsmessig større tilskudd til fylker med særlig stort etterslep på vedlikehold forut for overføring av andre riksveger til fylkene.

Opprusting/bygging av fylkesveger som er omkjøringsveger for riksveger. Staten må dekke kostnader ved ekstraordinære hendelser slik som flom og ras er eksempler på.

"Ringvegen" FV51-FV29 Fagernes –Alvdal er viktig for å knytte dalførene i Innlandet sammen som en helårsveg.

Ved å bedre samferdselen mellom dalførene vil en stimulere til bredere samarbeid og samhandling i regioner med store felles utfordringer og muligheter.

Trafikksikkerhet

Økte ressurser til gang- og sykkelveger, gatelys, kollektivpunkt og bussholdeplasser for å bedre trafikksikkerheten i en region med begrensa tilbud om kollektivtransport.

Bompenger

Kostnadsvekst i planlagte prosjekter må ikke endre fordelingen mellom offentlig og brukerbetalte finansiering. Det offentliges andel av utbyggingskostnader må være et resultat av at brukernes andel tar utgangspunkt i en forsvarlig pris pr. kilometer. Antall bompengeselskap må reduseres kraftig for å redusere administrasjonskostnader ved innkreving. For å unngå at næringsliv og lokalbefolking rammes urimelig, må deler av dagens bompengeregime gjennomgås og fornyes. Fritidsboligmarkedet og reiselivet ellers er svært viktig for regionen. Det må være rom for en rabattstruktur som ivaretar særlige lokale forhold, gjerne også et øvre tak for hvor mye bedrifter og fastboende skal betale i samlede bompenger. Staten må kompensere renteutgiftene til bompengeselskapene over statsbudsjettet.

Flom og ras

Det er behov for økning av statlige rammer for dekning av utbedring av vegnett etter ras og flom på fylkeskommunale- og kommunale veier

4. Attraktivitet og samfunnsutvikling

4.1. Tilflytting – «Kom til oss»

Kom til oss er ein samlenamn for tilflyttingsarbeid i regi av Regionrådet Nord-Gudbrandsdal. Prosjektet "200 ledige hus" og "Stillingssleppet" inngår i dette arbeidet. Arbeidet skal bidra til å styrke Nord-Gudbrandsdalen som tilflyttingsregion, og gje auka attraktivitet. Arbeidet skal synleggjerast gjennom auka fokus på sosiale medium, nettside og omtale i media.

Organisering

Tilflyttararbeidet er organisert gjennom personalressurs ved Regionrådet Nord-Gudbrandsdal og tilflyttaransvarlige i kvar kommune. I tillegg har ekstern kompetanse/tenester vorte nytta. Regionrådet har samarbeidd med Nasjonalparkriket om administrasjon av til dømes sosiale medium, nettsida www.komtiloss.no og innhaldsproduksjon.

Stillingssleppet 2020: Rekordmange ledige jobbar

Stillingssleppet er ei felles utlysing av stillingar i regionen. Arbeidsgjevarar kan vederlagsfritt registrere dei ledige stillingane sine og få dei publisert samstundes gjennom ei årleg, felles utlysing.

Målet med Stillingssleppet er tredelt. For det første skal sleppet gje fleire søkerar med høg kompetanse til ledige stillingar i regionen. Dess fleire registrerte stillingar, dess meir synlighet vil sleppet få. For det andre skal mangfaldet i arbeidsmarknaden i Nord-Gudbrandsdal synleggjerast. I tillegg er det eit mål å legga til rette for at par eller familiarar som ynskjer å flytta til Nord-Gudbrandsdalen, kan finna relevant arbeid til både to.

Fleire enn 200 ledige stillingar vart publiserte 12. mars gjennom Stillingssleppet 2020. Stillingane vart publiserte på nettsida www.komtiloss.no. Korona-situasjonen gjorde at Stillingssleppet ikkje fekk det fokuset vi hadde ynskt oss. Regjeringa lanserte same dag dei sterkeste og mest inngrapande tiltaka vi har hatt i Noreg i fredstid, noko som førte til at andre nyheitssaker vart overskygga.

Somme arbeidsgjevarar valde å utsetja søknadsfristen eller trekka stillingsannonsa etter at korona-tiltaka vart kunngjorde. Den spesielle situasjonen gjer at føresetnadene for Stillingssleppet 2020 skil seg frå tidlegare år, og følgjeleg har avgrensa verdi som samanlikningsgrunnlag for tidlegare slepp.

Tilbakemeldingane frå arbeidsgivarane i etterkant av sleppet er i hovudtrekk positive; Eit fleirtal av respondentane melder om at dei har fått tilsett i stillingane i etterkant av stillingssleppet, og eit klart fleirtal seier dei er positive til stillingssleppet som konsept, og ønsker å vidareføre ordninga.

200 ledige hus

- Prosjektet 200 ledige hus vart starta opp i 2013. Målet med prosjektet er å kartlegga tomme/ledige gardsbruk, jobba for å få fleire egedomsobjekt ut på marknaden, samt sette kjøparar i kontakt med seljarar.

Mange tilflyttarar har utfordringar med å finna bustad når dei skal flytta til Nord-Gudbrandsdalen. Egedommar og gardsbruk blir selde ofte "under radaren" – dei blir selde via nettverk og blir ikkje lagde ut på den opne marknaden. 200 ledige hus er eit ledd i arbeidet med å betra marknadstilgangen til brukte bustader, og er ein viktig del av tilflyttararbeidet.

Det har ikkje vorte gjort nokon ny kartlegging av tomme gardsbruk i 2020, men andre tiltak har vorte sett i verk for å få fleire objekt ut på marknaden:

- Medieoppslag, lesarinnlegg i lokalavisene og synlighet i sosiale medium for å stimulera fleire til å leggje ut egedom på den opne marknaden.
- Personleg oppfølging og service til interessentar/seljarar som tek kontakt.
- Kontaktformidling mellom seljarar og potensielle kjøparar.

Andre tiltak innan tilflytting:

- Etablering av eit eige nyheitsbrev mynta på tilflyttarar og andre interesserte. Nyheitsbrevet har ca. 200 abonnentar.
- Omstrukturering og oppgradering av www.komtiloss.no, med ny funksjonalitet som integrert chatte-funksjon for å gjera det lettare å ta kontakt.
- Ny nettside for komtiloss.no lanserast februar 2021.
- Samarbeid med Distriktsentret og Høgskolen i Innlandet etablert med tanke på kunnskapsinnehenting og organisering av det vidare tilflyttingsarbeidet i regionen.
- Planlegging for oppstart av nye prosjekt, til dømes "Fløtt Heimatt" og "Boligtorget Nord-Gudbrandsdal"
- Innhaldsproduksjon for organisk spreiling i sosiale medium. Nasjonalparkriket har mellom anna laga denne: "[10 TIPS TIL DEG SOM VIL FLYTTA PÅ LANDET](#)"



*"Droppet Toscana – slo seg ned på
middelaldergård i Nord-Gudbrandsdal"*

4.2. Gudbrandsdalstinget

Om Gudbrandsdalstinget

Gudbrandsdalstinget består av politisk valgte representanter for kommunene Dovre, Gausdal, Lesja, Lillehammer, Lom, Nord-Fron, Ringebu, Sel, Skjåk, Sør-Fron, Vågå, Øyer og fylkeskommunen.

Fylkesmannen har møte- og talerett. Det samme gjelder kommunenes rådmenn og fylkesrådmannen. Gudbrandsdalstinget finner sted to ganger i året: om våren og om høsten. Arbeidsutvalget har ansvaret for å forberede saker til møtene.

Gudbrandsdalstinget 23. – 24. mars 2020

Møtet ble avlyst på grunn av Covid-19-situasjonen.

Gudbrandsdalstinget 26 – 27. oktober 2020

Gudbrandsdalstinget ble gjennomført på Hunderfossen Hotel og Resort i Lillehammer. Temaene som ble berørt var blant annet sykehusstruktur og valg av lokasjon for nytt akuttsykehus, samhandling mellom forvaltningsnivåene og kommuneøkonomi i kjølvannet av korona-epidemien.

Sverre Høven, administrerende direktør i SJ Norge, innledet om SJs tilbud på Dovrebanen og planer for det videre tilbuddet, og Distriktsenteret v/Ragnhild Godal og Marianne Solbakken innledet om hvordan kommuner og regioner kan jobbe for å påvirke folketallsutviklingen. Fylkesmann Knut Storberget innledet om samhandling mellom forvaltningsnivåene.

Møtet vedtok tre uttaler:

1. *Velg Lillehammer som akuttsykehus*
2. *Koronarelaterte utgifter og tapte inntekter må kompenseres!*
3. *Få fart på veibyggingen: Gudbrandsdalen må med i NTP*

